

Nok hjort, men kjem seint ned frå fjellet

17.09.2008



Eit slikt bilete av Haugland-laget har det ikkje vore mogeleg å ta så langt i år. Her slaktar Kåre Vethus, Lars Haugland, Tor Ove Haugland og Arvid Eide dei fem hjortane som vart felt første dagen i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det er mykje hjort og det blir sikkert ikkje noko problem med å få fylt kvota til slutt. Men førebels har vi ikkje skote så mange i den ordinære jakta, oppsummerar Lars Haugland på Haugland-laget.

Laget fekk løyve på felling av seks skadedyr før jakta og enda på sju fordi det dukka opp ein morlaus kalv. Så langt i den ordinære jakta har dei felt fem av ei kvote på 13.

- Det er stort sett Tor Ove Haugland som har skote hjort til no denne hausten, fortel Lars.

Hjortejakta på Haugland-valdet vil med andre ord få eit større omfang enn i fjor, då laget hadde rett på å fella berre 14 dyr. Blir den ordinære kvota fylt i år, kjem dei opp i 20 tilsaman, men så er det da også eit stort behov for å redusera bestanden for å dempa skadane.

- I fjor felte laget fem hjortar første dagen. Kvifor er det tregare i år?

- Dyra er vonde å ta fordi dei kjem ned frå fjellet veldig seint om kvelden og går opp att svært tidleg om morgonen. Men det er mykje hjort som beitar nede i dalen når det er mørkt, seier Lars Haugland.

Av Ola Matti Mathisen